

Rapport

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) i Etne 2013

Etne er ein distriktskommune der ein ofte lyt reise langt for å oppleve eit breitt og variert kulturliv. Like fullt er Etne så langt ein strekkjer til, ein aktiv kulturkommune - også på eiga hand.

Tid er kulturhuset med sine mange tilbod eit samlingspunkt for heile regionen. Vakker natur gir dessutan mange moglegheiter for ein aktiv kvardag, og Etne har i den vedtekne kommuneplanen sett som mål å vere *ein regionalt profilert kulturkommune*.

Ein arbeidar for at DKSS skal bidra best mogleg til at ein lokalt også kan styrke kulturtilbodet og aktivitetane for dei eldre.

Den kulturelle spaserstokken har i 2013 bidrege med tilskot til følgjande tiltak:

A.

Tilbod om ulike aktivitetar/utflukter/arrangement med sosialt samvær og kulturelle innslag som har vore tilpassa fysiske og andre særskilde behov innafor alle grupperingar av eldre. Skakkesenteret, Etne kino, Pensjonistlag, Erldrerråd, Frivilligsentral, Forteljefestivalen og bedrifter har vore initiativtakarar for dei ulike tiltaka.

B.

Tilbod med profesjonelle kunstnarar innafor musikk og anna scenekunst.

C.

I samarbeid med Den kulturelle skulesekken, kulturhuset og andre aktørar innafor kulturfeltet, saman med ulike organisasjonar og samanslutningar - bidrege til at det vert tilrettelagt for transport og anna ved arrangement osv for eldre.

Tilboda har gått ut til ei målgruppe på om lag 6-700 personar, der gjerne drygt 200 har gjort seg nytte av heile eller delar av tilboda.

Det er totalt nytta 129 325, - i 2013, og bruken av pengane fordelar seg slik:

Ansvar Kultur 2300, teneste 2347:

14700 TILSKOT TIL ORGANISASJONAR OG LAG	28 096
14701 TILSKOT TIL ULIKE KULTURINSTITUSJONAR	10 000
14702 TILSKOT TIL ARRANGEMENT	20 668
11056 ARBEIDSMATERIELL	5 573
11400 ANNONSER	<u>14 988</u>
	79 325
Administrasjons ressurs (ca)	<u>50 000</u>
Totalt	129 325

Etne, den 28. april 2014



Nils Halleland
Leiar Kultur
Etne kommune